

**Fra:** Kjell Magnus Økland - Kystsogevekene [Kystsogevekene@hfk.no]

**Til:** Helga Sofie Bosdal Bjørkhaug [Helga.Bjorkhaug@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 29.10.2018 09:24:36

**Emne:** Orientering kring utviding av Stiftinga Kystsogevekene sitt arbeidsområde?

**Vedlegg:** Info om Kystsogevekene.pdf

Hei

Underteikna arbeidar som dagleg leiar for Stiftinga Kystsogevekene, sjå vedlegg, og har frå styret og representantskapsmøtet fått mandat til å arbeida for ei utviding av det geografiske området for stiftinga. Eg vart i vår tipsa av fylkesordførar Jenny Følling om at hovudutval for næring og kultur kunne vera eit aktuelt forma for ein presentasjon av arbeidet til Stiftinga Kystsogevekene.

Kystsogevekene eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland+ Gulen og Hordaland Fylkeskommune.

Stiftinga Kystsogevekene er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og virke som pådriver og fagleg instans for utvikling av kystkulturtildelning og koordinering av årlege Kystsogeveker i Hordaland og Gulen.

Sjølve Kystsogevekene er ein stad mellom 150 og 200 ulike arrangement årleg, som går føre seg frå Gulen i nord til Sveio i sør. Målet med arrangementa er å fremja kystkultur og området sitt sætrekk. Kystsogevekene speglar kystkultur fra alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

I samband med den komande regionsamslåinga mellom Hordaland og Sogn og Fjordane frå 1. januar 2020 har styret og representantskapet i Stiftinga Kystsogevekene vurdert at det er aktuelt og ynskjeleg med ei utviding mot nord av stiftinga sitt arbeidsområde. Underteikna ynskjer difor å koma i kontakt med aktuelle kommunar og aktørar langs kysten som ser nytta av det arbeidet som Stiftinga Kystsogevekene driv.

Eg forstår at dette kanskje kjem noko seint i forkant, men hadde det vore mogleg å få halda ein presentasjon på møtet hovudutval for kultur og næring 20. november?

Eg ynskjer å halda ein presentasjon som i alle fall rommar følgjande punkt:

- 1 – informera om arbeidet til Stiftinga Kystsogevekene og "Kystsogeveke-modellen"
- 2 – sondera om interessa hjå kommunane
- 3 – skissera vidare saksgang fram mot 1. januar 2020
- 4 – spørsmål og diskusjon

Me kan gjerne ta ein prat i telefonen for å avklara kor mykje tid som eventuelt kan setjast av til dette. For meir informasjon om Kystsogevekene kan ein gå til [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no) og kikka litt rundt der.

Beste helsing

Kjell Magnus Økland

---

**Kjell Magnus Økland**

**Dagleg leiar**

**Stiftinga Kystsogevekene**

**+47 95 04 67 39**

**[kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)**

**[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)**

## Kystkultur i 22 kommunar på Vestlandet